

Fyrstkomande helg vert det sesongavslutning på Dønhaug Gjestegard, med konsert i Dønhaugkjedlaren fredag og låvedans på Dønhauglåven laurdag. Artistane Pat Savage (Canada) og Gil Edwards (USA/Norge) er musikarar av toppinternasjonalt format.

Fredagen vert det intimkonsert i Dønhaugkjedlaren, der Gil Edwards vil vera hovudartist, mens Pat Savage vil vera hans gjesteartist. Laurdagen er rollene bytta om, Pat Savage med sitt faste band frå Nederland vil syta for musikken, og Gil vil vera deira gjesteartist.

I tillegg til konsertane, har artistane med sitt eige filmteam som m.a. skal gjera opptak frå konsertane/låvedansen og frå Uskedalen og Kvinnherad, med m.a. ridetur i Uskedalen og motorsykkeltur for å vitja gravhugar/fornminne etter vikingtida. Begge lagar sine eigne dokumentar-/realityseriar for TV, og Pat Savage sin TV-serie skal sendast på NRK og Discovery i byrjinga av 2010 og vil bli vist i over 20 land.

Pat Savage er ein bluesrock-gitarist i verdsklasse, og er kjend for å vera eit fyrverkeri på scenen. Han er ein allsidig gitarist og songar, og gjestene vil desse to kveldane få oppleve ulike musikksjangrar. Allereide som 2-åring spelte og song han, og han blei rekna som eit vidunderbarn. Det enorme talentet har ført til mange musikkprisar i Canada og USA, og platene hans er blitt svært godt mottekne av musikk-magasiner over heile verda og er som oftast headliner på dei største festivalane kring om i verda. Han turnerar over heile verda, berre i 2009 vil han turnera i over 30 land.

Pat har spelt med storleikar som Joe Cooker, Manfred Mann, Uria Heep, BB King, Steppenwolf, berre for å nemna nokre få.

Pat har f.t. fast base i Amsterdam, men har og i periodar vore i Stavanger i samband med plateinnspelinger med Noregs eigen blues-konge Reidar Larsen. Til ganske nyleg har Pat vore mest kjend utanfor Noregs grenser, men dette vil truleg endra seg raskt når plata kjem ut på slutten av året.

Gil Edwards er og eit fyrverkeri av ein artist. Han har vitja Dønhaug fleire gonger før, og skapt seg eit godt namn blant gjestene på Dønhaug. Gil er ein fantastisk musikar og ein artist utanom det vanlege. Han kjem opphavelig frå USA, men har no slått seg ned i Ålesund-distriktet. Han opererer innan sjangeren roots/rock, med innslag av både country og blues. Dette er ein artist som absolutt må opplevast live.

Av Magne Huglen